

MØRE HORDALAND JORDSKIFTERETT	
S. JVA. av	16-199497 RFA
Jnr.	Mottatt 31.8.17
Dok n	260 Framlagt

Gulating Lagmannsrett

Lagdommer

Syvertsen

SAKSDOCUMENTER

i sak nr. 30-63₁₉

Anhukde

~~SAKSØKER:~~

Olav B. Een

Prosessfullmektig: o.v. sakfører Knut Helgeland, Vos

Motpart:

~~SAKSØKT:~~ Erik I. Norekval, m.fl. Skjelstad

Prosessfullmektig:

Stevning mottatt: pålegg om tilsvare gitt til

Frist saksøkeren:

Frist saksøkte:

Innkalling til utfordiget til

Hovedførh. ber. utsendt til

Dom avsagt

Anke innkommet fra den

19

Pålegg om tilsvare gitt til

Rettsformannen la fram som

Dok. nr. 12: Innkalling til møtet i dag vedlagt postkvittering for 10 rek. brev.

Dok. nr. 13: Fullmakt fra Nils K. Norekvål til Lars N. Norekvål av 5/11-1962.

Rettsformannen las rettsboke fra førre møtet.

I. GRENSER I EENSMØEN

Grense nr. 1 er grensa mellom gnr. 63, Norekvål, på nordvestsida og gnr. 62, Egn, på andre sida så langt ho er oppgått i denne saka. Grensa tek til ved Lønnavatnet og går i retning 251° til eldre, næ krosshoggen merkestein (1), nedsett ca. 7 m fra strandlinja, s.r. 45,1 m til eldre merkestein (2), s.r. 41,9 m til eldre merkestein (3) og s.r. 68,1 m til eldre, næ krosshoggen, merkestein (4). Herfrå i retning 248° 30,1 m til merkestein (5), vidare 252° 16,5 m til merkestein (6), s° i retning 256° 24,4 m til merkestein (7), vidare 261° 21,7 m til merkestein (8), og endeleg i retning 270° 1,5 m til eit punkt utan merke som er endepunkt for grense nr. 3.

Grense nr 2 mellom nr. 62/6 på nordaustsids og gnr. 62/1 på andre sida tek til ved Straumen og går i retning 351,5° til eldre, næ krosshoggen merkestein (9), nedsett oppi baret over Straumen, s.r. 42,1 m til merkestein (10) og s.r. 53,5 m til eldre, næ krosshoggen merkestein (11), der vinklar grensa litt, og går i retning 357° 41,6 m til eldre merkestein (12) og s.r. 5,3 m til grensa mot Norekvål.

Grense nr. 3 mellom nr. 62/1 på nordaustsida og gnr. 62/2 på andre sida tek til ved Straumen og går i retning 351° til merkestein (13), nedsett på baret over Straumen, s.r. 21,8 m til eldre merkestein (14), s.r. 43,0 m til merkestein (15) og s.r. 31,3 m til eldre merkestein (16). Her vinklar grensa litt og går nå i retning 357° 27,5 m til merkestein (17), s.r. 43,2 m til eldre I-gloope (18) i jordfast stein og s.r. 3,8 m til grensa mot Norekvål.

Dei oppgjevne avstandane er horisontale mål og retningane er i høve til sent nord (C - 400°). S.r. er avstutting for same retning.

II. GRENSER I LIA.

Grense nr. 1 er grense mellom gnr. 63, Norekvål, på nordaustsida og gnr. 62, Egn, på andre sida så langt ho er oppgått i denne saka. Grensa tek til i ei eldre T-gloope (1) hoggen i toopen av ein berghammer ved Norekvåls bøgjerde. Herfrå i retning 352° 29,0 m til merkestein (2), s.r. 41,3 m til merkestein (3), s.r. 39,6 m til merkestein (4) og s.r. 24,1 m til eldre I-gloope (5) hoggen i toppen av nordaustre Dømmestein. Her vinklar grensa og går i retning 374° 45,6 m til merkestein (6), s.r. 28,7 m til merkestein (7), s.r. 51,6 m til kross (8) i liten jordfast stein, s.r. 48,5 m til kross (9) i berghammer, s.r. 57,0 m til kross (10) i stein, s.r. ca. 17 m til berghammeren i helleberget og s.r. til kross (11) hoggen i liten berghammer over stupet. Herfrå i forrige retning (374°) 43,5 m til kross (12) i berghammer og s.r. 62,5 m til kross (13) hoggen ved eldre I-gloope i ein stein på eit hanrelag.

Her vinklar grensa og går i retning 389,5^g 35,4 m til kross (14) i stor stein og s.r. 43,0 m til eldre C-gloppe (15) i ein stor stein ved Grostestølen.

N.B. Dei hertil oppgjevne avstandane er skråmål langs bakken. Avstandane som nå fylgjer frå Grostestølen til Nonpresten er horisontale mål.

Frå sistnemnde punkt (15) held grensa fram i retning 358^g 72,5 m til kross (16) i jordfast stein, s.r. 56,9 m til kross (17) i jordfast stein og s.r. 45,1 m til kross (18) hoggen i bergnova på nordaustre kanten av det såkalla ileyget i Kalddøsteggen. Her vinklar grensa litt og held fram i retning 351^g 26,0 m til kross (19) i liten berghammer, s.r. 46,8 m til kross (20) i jordfast stein, s.r. 101,1 m til kross (21) i fjell oppi eit hamrelag og s.r. 47,9 m til eldre I-gloppe (22) hoggen i foten av Svartaberget. ca 1,5 m over bakken. Herfrå i retning 342^g til kross (23) i skarv ca. 12 m frå toppen av Svartaberget og s.r. 63,3 m til kross (24) i svært stor stein, der grensa vinklar og går i retning 300^g 137,2 m til kross (25) hoggen i foten av Nonpresten i sør-vestre kant av ein foss.

Grense nr. 2 mellom gnr. 62/6 på nordaustsida og gnr. 62/3 på andre sida tek til i eldre L-gloppe (26) hoggen i foten av ein berghammer i Småhamrane og går i retning 356^g til merkestein (27) nedsett ca. 10 m frå toppen av Småhamrane. Herfrå s.r. 57,3 m til merkestein (28) og s.r. 69,2 m til eldre I-gloppe (29) i sørvestre Demmestein. Herfrå i retning 358^g 63,5 m til merkestein (30), s.r. 46,3 m til merkestein (31) og s.r. 49,7 m til eldre I-gloppe (32) i ein berghammer. Her vinklar grensa litt og går i retning 365^g 36,1 m til merkestein (33), s.r. 33,3 m til merkestein (34), s.r. ca. 25 m til fjellveggen i helleberget og s.r. til eldre kross (35) i fjell hoggen i den bratte skråninga ned mot helleberget. Her vinklar grensa og går i retning 387^g til kross (36) i stein like over skråninga, s.r. 31,0 m til merkestein (37) og s.r. 44,7 m til eldre I-gloppe (38) i liten berghammer. Herfrå vidare i retning 365^g 43,3 m til kross (39) i øvre kanten av berghammer og s.r. 32,5 m til eldre I-gloppe (40) hoggen i Kvilingaskarvet. Vidare i retning 348^g 32,5 m til merkestein (41), s.r. 39,2 m til eldre I-gloppe i stein (42), så i retning 336^g 53,5 m til eldre I-gloppe (43) i stein og endeleg i retning 338^g 47,6 m til eldre T-gloppe (44) hoggen i svaskarv i eit hamrelag.

Grense nr. 3 mellom gnr. 62/3 på nordaustsida og gnr 62/2 på andre sida tek til i ei eldre L-gloppe (45) i Småhamrane og går i retning 348^g 29,7 m til merkestein (46), s.r. 64,8 m til kross (47) ved eldre I-gloppe i jordfast stein, omlag s.r. 45,0 m til merkestein (48), s.r. 55,4 m til kross (49) i jordfast stein og s.r. 47,4 m til eldre I-gloppe (50) i stor stein. Herfrå i retning 352^g 67,4 m til merkestein (51) og s.r. 69,6 m til kross (52) hoggen i liten berghammer over hellebergstupet. Her vinklar grensa og går i retning 392^g 32,0 m til merkestein (53) og s.r. 39,0 m til eldre I-gloppe (54) i jordfast stein. Her vinklar grensa på ny og går i retning 342^g 46,0 m til kross (55) i liten hammar ca. 4 m ovafor toppen av eit stup, s.r. 35,0 m til kross (56) i liten berghammer og s.r. 32,2 m til kross (57) hoggen ved eldre I-gloppe i ein svært stor stein. Herfrå i retning 360^g 39,0 m til kross (58) i skarv og s.r. 40,1 m til eldre T-gloppe (59) i jordfast stein.

Grense nr. 4 mellom gnr. 62/3 på nordaustsida og gnr. 62/1 på andre sida tek til i sistnemnde merkepunkt nr. 59 og går i retning 344^g 59,0 m til kross (60) hoggen i foten av bergalaget ca. 1,5 m over bakken.

Grense nr. 5 mellom gnr. 62/2 på nordaustsida og gnr. 62/1 på andre sida tek til i innmarksgrensa like ovafor Eensgrinda og går i retning 353° 8,6 m til kross (61) ved eldre I-gloppe i jordfast stein, s.r. 52,7 m til merkestein (62), s.r. 51,5 m til kross (63) i nedre kant av stor stein og s.r. 27,3 m til eldre merkestein (64). Her vinklar grensa og går i retning 389,5° 57,5 m til eldre merkestein (65) der grensa atter vinklar og går i retning 345° 65,8 m til merkestein (66), s.r. 56,0 m til merkestein (67) og s.r. 77,6 m til kross (68) ved eldre I-gloppe i jordfast stein. Herfrå i retning 346° 70,7 m til kross (69) i jordfast stein og s.r. 60,7 m til kross (70) hoggen like under eldre I-gloppe i foten av ein berghammer ved nordaustre kant av fossen. Herfrå går grensa i nordvestleg retning etter bekken ca. 230 m til ei eldre K-gloppe (71) i jordfast stein på sørvestsida av bekken. Her vinklar grensa og går i retning 50° 52,1 m til kross (72) i jordfast stein og s.r. 86,6 m til merkepunkt (59) som er samanstøtspunktet for grense nr. 3 og 4.

Grense nr. 6 er grensa mellom gnr. 62/1 på nordaustre sida og gnr. 61, Flatekvål, på andre sida så langt ho er oppgått i denne saka. Grensa tek til i eldre kross (73) i ein stein ved Natkoven og går i retning 347,5° 47,3 m til kross (74) ved eldre I-gloppe i jordfast stein, så i retning 345° 55,6 m til merkestein (75) og s.r. 31,6 m til kross (76) i jordfast stein, så i retning 341° 28,5 m til merkestein (77) og s.r. 42,5 m til kross (78) ved eldre I-gloppe i stor stein på Øykjafloten. Herfrå 349,5° 66,7 m til kross (79) ved eldre I-gloppe i berghammer ved Kyrahjellskleivane, så i retning 359,5° 59,9 m til kross (80) ved eldre I-gloppe i jordfast stein og så i retning 343,6° 26,8 m til merkestein (81) nedsett ovom stupet og s.r. 81,4 m til eldre T-gloppe hoggen i foten av Skulestadberget.

Dei oppgjevne avstandane i denne linja er horisontale mål.

Grense nr. 7 mellom gnr. 62/6 på søraustsida og nordaustsida og gnr. 62/2 på motsette sider tek til i merkepunkt 45 og går i sørvestleg retning etter Småhamrane ca. 29 m til eldre L-gloppe (83) i berghamar. Her vinklar grensa og går i retning 152° 33,1 m til merkestein (84), s.r. 39,0 m til bolt (85) i stein nedsett 4,5 m frå vegkanten og s.r. over vegen til austre grensa for vegen. Her vinklar grensa og går sørleg langs vegkanten til Velesbekken der grensa sluttar.

Grense nr. 8 mellom gnr. 62/6 på søraustsida og gnr. 62/3 på andre sida tek til i merkepunkt 45 og går i nordaustleg retning etter Småhamrane ca. 25 m til merkepunkt 26.

Grense nr. 9 mellom gnr. 62/3 på nordaustsida og gnr. 62/6 på andre sida tek til i innmarksgrensa for gnr. 60, Gjerskvål, og går i retning 338° til eldre merkestein (86), s.r. 33,0 m til merkestein (87), s.r. 35,3 m til merkestein (88) og s.r. 51,2 m til eldre L-gloppe (89) i fjell under ein berghammer i Småhamrane. Grense nr. 10 mellom gnr. 62/3 på søraustsida og gnr. 62/6 på andre sida tek til i sistnemnde eldre L-gloppe (89) og går i retning 37° 71,3 m til merkepunkt 1 i grense nr. 1.

Dei oppgjevne avstandane er skråmål langs bakken når ikkje anna er sagt. Retningane er i høve til sant nord (0 - 400°) og s.r. er avstytting for same retning. Dei nedsette merkesteinane er krosshogne.

Det tager vingen vare uendt
alle snaret hinde jeg hafuer udznaafuer.

Rettbok. Grensgang Før
Norrlid. Dik 14 Sal 30/6 3 s 12
13

Grensa mellom Sandane
Flatland og Ein er skrive i formelring
over i en Pølegsak 14 økt 1833 slutta
i øft 1842 og tungt 18 juli 1850
dokument, 9.

19.06.2017, 18:27

Levert inn
av rekvisent 31/8 - 2017
Lars Aslak Flatkvål

Pante bok 2 B 4 3 s 46 - 49